



**KAFFI OG KAKER:** Det var sjølv sagt heimebaka eplekake med krem til kaffien. Leiar i Hordaland sogelag, Mikal Heldal, midt i biletet. Jan Økland med ryggen til.



**GRUPPEBILDE:** Alle utsendingane samla utanfor Fartøyvernsenteret. Heilt til høgre i raud jakke står Marit Frøyseth Sæløen.



**STUDERER SAMAN:** Tysnesingen Tore Hodneland, Julian Haugland og Wilhelm Westerman går saman på jazzlinja på NTNU.



**TRIODEBUT:** Det er første gong dei tre ungdomane spelar konsertar saman.



**KONSERT PÅ HEIMEBANE:**  
Tore Hodneland er frå Tysnes.

## Ny trio jazza opp kulturkyrkja

Tysnesingen Tore Hodneland, Julian Haugland og Wilhelm Westerman spelte sin andre konsert i Onarheim kulturkyrkje sist laurdag.

Det vart knappenålstemning då ungdomane entra scena i kyrkja. Vakre tonar frå gitar, bass og trommer fylte kyrkjebylden.

Ifølgje trioen, som er blitt kjent på jazzlinja ved NTNU, framførte dei moderne jazz og improvisasjonsbasert musikk.

– Det er vanskeleg å beskriva, sa Tore Hodneland til lokalavisen før konserten starta.

– Dette er fyrste gong me opptrer i denne konstellasjonen. Me hadde fyrste konsert på Os, og skal til Bergen i morgon, sa han.

### Song frå Bilbao

På programmet stod mellom anna songane «Song for Bilbao», «Strange meeting» og «Secret Maria».

– Det var ein kjempefritt konsert. Det viser det mangfaldet me ynskjer i kulturkyrkja. Det

skal vera noko for einkvar, sa Olav Skjellevik, til lokalavisen.

### – Topp

Konsert med trioen er det andre arrangementet som er blitt halde i regi av Onarheim kulturkyrkje, som kyrkja fekk status som i 2015. Skjellevik synest heile konserten var topp.

– Dei hadde hatt konsert dagen før, og konsert dagen etter. Det er ikkje alle som likar den slags musikk, men det er variasjon me er ute etter. Neste gong er det ein heilt anna type arrangement som skal gå føre seg, seier han..

Han fortel at han har hørt Tore Hodneland spela tidlegare.

– Ja, eg har vore på vijting i heimen under ein av dei årlege konsertane på Tysnesfest, så han har eg hørt tidlegare. Dei to andre var ukjende for meg, seier Skjellevik.

KRISTINE NÆSS THORSEN  
kristine@tysnesbladet.no

Dei har også smale på garden som går ute i allslags ver. Av uvisse grunner sørjer sauene aldri livd i steinhola sjølv om veret til tider kan vera skikkeleg ufysiske. Litt spøkje å tenka på, ikkje sant?

Etter årsmøte på sundag føremiddag der tysnesingen Mikal Heldal vart attvalt som leiar, var det besøk på Hardanger Fartøyvernsenter, ein kulturinstitusjon som verkeleg har sett varige fotavtrykk.

I byrjinga var det trebåtar som vart restaurerte, men nett no ligg også den gamle HSD ferja «Folgefonna» ved kaien klar for å bli renoveret. At institusjonen har eigen trosseverk-

stad, snart den einaste i landet, fekk me også med oss.

### Veldig kjekt å få vera med

Marit Frøyseth Sæløen og mannen Berner var med til Norheimsund. Ho og Jan Økland var utsendingar frå Tysnes sogelag, medan mannen hennar Berner var med som reisefølgje.

Både Berner og underteikna tykte det var kjekt å få vera med, det var veldig interessant.

– Turen til Fykse var helt fantastisk, me hadde aldri funne på å køyra opp hit sjølve, for det ser ut som du köyrer inn på ein privat veg når du svingar av ved hovudvegen, fortel Marit. Festmiddagen var

også staseleg. Årsmøteforsamlinga vart borda i den gamle og ærverdige festalen i gamle Sandven hotel med gamle og vakre måleri av hardangernatur og forseggjorde treskjeringar i tak og på veggene.

– Den over tre timer lange kveldsseta med festmiddag og ymse kulturelle innslag var i lengste laget. Det kunne godt vore lagt inn ein pause for å strekkja litt på beina. Eg trur det var fleire ein oss som meinte det same, ler Marit.

KAARE M. MALKENES  
redaksjonen@tysnesbladet.no